



Kommunane i Møre og Romsdal

Ønskje om innspel til arbeidet med å utarbeide nytt rundskriv om brukarstyrt personleg assistanse (BPA)

Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1d om rett til brukarstyrt personleg assistanse (BPA) trådte i kraft 1.1.2015. I samband med arbeidet med å utarbeide rundskriv om BPA, har Helsedirektoratet bedt Fylkesmennene om hjelp til å samle inn og koordinere innspel til rundskrivet frå kommunane.

Helsedirektoratet har som mål at rundskrivet skal belyse og svare på flest mogleg av dei spørsmåla og problemstillingane som ulike aktørar har knytt til praktiseringa av rettsregelen. For å få til dette, er det avgjerande at sentrale aktørar på området bidrar med innspel i form av spørsmål og problemstillingar som bør belyst i rundskrivet.

På grunn av kort høyringsfrist, ber Fylkesmannen i Møre og Romsdal om at innspel blir sendt oss **innan 20.03.2015, gjerne på e-post til fmmrpostmottak@fylkesmannen.no**

Vi vonar at so mange som mogleg tar seg tid til dette viktige arbeidet.

Med helsing

Marit Hovde Syltebø (e.f.)
Ass.direktør

Janne Helen Bjørnsøs

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.